

## Juleglede- 2021

Jula er ei høgtid som forsterkar kjenslene våre, både gleder og sorger.  
Det kan av ulike årsaker vere ei vanskeleg tid for mange.  
Kjøpepress og forventingar kan skape vanskelege tankar.  
Tankar om å ikkje kunne gje barna det dei ynskjer seg til jul, tankar om at det blir vanskeleg å få økonomien til å strekke til.  
Me ynskjer å bidra til at alle skal få oppleve ei god jul!



Julehøgtida handlar i hovudsak ikkje om materielle ting.

Det handlar om å få vere saman med familie, venner og dei ein er glade i, men me ynskjer at «juleglede» kan vere med å bidra til at ein får litt færre bekymringar, at barna får noko dei ynskjer seg og at jula blir god for alle.

Det vert moglegheit for å fylle ut eit enkelt skjema for dei som har behov for ei «juleglede», der ein kan få personlege gåver til barna i alderen 0-18 år eller ei opplevingspakke for heile familien.

Me pleier også å ha eit gratis arrangement for alle barn, unge og familiar i Luster kommune i førjulstida. I år blir det juleverkstad for heile familien på Gaupnetunet søndag 5.desember kl. 16-19. Dette arrangementet er i samarbeid med Go'biten. Alle er velkomne dit.

Me ynskjer å nå ut til bedrifter og privatpersonar i Luster kommune som har lyst å bidra ved å gi eit valfritt beløp til dette arbeidet.

Me har oppretta Vipps og eit kontonr. som er knytt til dette formålet gjennom Luster Røde Kors.

**Vipps: # 519965 – Luster Røde Kors- Juleglede**

eller

**Kontonr. 3785.12.25871- Må merkast med «juleglede»**

Me jobbar for å gjere ei forskjell for dei familiene som opplever julehøgtida vanskeleg. Ver med å bidra til å gjere ei forskjell for nokon som treng det du òg!

Helsing arbeidsgruppa «Juleglede-21» med representantar frå

Luster Røde Kors, Luster frivilligsentral, Luster Lions, Gaupne helselag, Luster kyrkjelege fellesråd og Luster kommune.